

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Jostedal Hotell

Dato: 24.06.2013

Tidspunkt: 14:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand kommune
Gunnvor A. Sunde	Medlem	Gloppen kommune
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune
Sven Flo	Nestleiar	Stryn kommune
Karen Marie Hjølmeseter	Medlem	Sogn og Fjordane fylkeskommune

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Eline Orheim	MEDL	Sogndal kommune
Olve Grotle	MEDL	Førde kommune
Oddmund Klakegg	MEDL	Jølster kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Laura Kvamme	Eline Orheim	Sogndal kommune

Merknader

Laura Kvamme stilte med fullmakt frå Sogndal kommune.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Steinar Lund	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 19/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 20/13	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 21/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Mogleg flytting av forvaltningsknutepunkt		2013/2094

ST 19/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.06.2013

Vedtak

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

ST 20/13 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.06.2013

Vedtak

Sven Flo og Karen Marie Hjelmeseter blei valt til å skrive under protokollen i lag med styreleiar Ivar kvalen.

Arkivsaksnr: 2013/2094-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 17.06.2013

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	21/13	24.06.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - Mogleg flytting av forvaltningsknutepunkt

Innstilling frå forvaltaren

Nasjonalparkforvaltaren legg fram saka utan innstilling.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.06.2013

Handsaming i møte

Framlegg frå Ivar Kvalen:

Nasjonalparkstyret tek ikkje stilling til plassering av forvaltningsknutepunkt, men opnar for at nasjonalparkforvaltaren kan ha kontorplass i Gaupne.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek ikkje stilling til plassering av forvaltningsknutepunkt, men opnar for at nasjonalparkforvaltaren kan ha kontorplass i Gaupne.

Saksopplysningar

I styresak 15/13 på møte 24.5.2013 blei det gjort fylgjande vedtak:

«Saka blir utsett i påvente av grundigare gjennomgang av ordninga med forvaltningsknutepunkt. Saka blir sett opp på eit møte i nasjonalparkstyret 24. juni i Jostedalen i samband med gjenopning av Breheimsenteret. Til møtet skal nasjonalparkforvaltaren utarbeide saksframlegg som også skal innehalde:

- *Ein skriftleg uttale frå fylkesmiljøvernsjef Nils Erling Yndesdal om arbeidsgjevaren sine vurderingar av arbeidssituasjonen for forvaltaren, og hans syn på framtidig plassering av forvaltningsknutepunkt.*
- *Skriftleg dokumentasjon frå Luster kommune om kva fasilitetar dei tilbyr i rådhuset i Gaupne; kontor, møterom, fagmiljø.*
- *Ein skriftleg uttale frå John Brekke, dagleg leiar på Bremuseet, om deira bidrag til ei mogleg utvikling av forvaltningsknutepunktet i Fjærland. Aktuelle problemstillingar er mogleg nye arbeidsplassar som kan bidra til å bygge opp eit fagmiljø, og andre sider ved kontormiljøet.»*

Fylgjande dokument er vedlegg til saka:

- **Oppmoding om å flytte forvaltningsknutepunkt for Jostedalsbreen nasjonalpark frå Fjærland til Gaupne – notat til styremøte 24.06.2013 – Fylkesmiljøvernsjef Nils Erling Yndesdal**
- **Gjeld flytting til kontor i Luster rådhus – Luster kommune**
- **Ein uttale frå Norsk Bremuseum kring knutepunktrolla i dag og framtidige planar – John Brekke, Norsk Bremuseum**

Vurdering

Uttale frå Norsk Bremuseum, Luster kommune og fylkesmiljøvernsjef Nils Erling Yndesdal er innhenta, og lagt ved saka. Dei punkta styret ba om å få innspel om frå dei tre er etter mi meining gjort godt greie for i dei tre vedlegga til saka. Ut over dette viser eg til saksframlegget mitt i sak 15/13 på førre styremøte for mine vurderingar i saka. Eg er ikkje i tvil om at Gaupne som forvaltningsknutepunkt vil vere til det beste for nasjonalparken og nasjonalparkforvaltaren.